


## Ryfylkedagane på museet



*Revolver held konsert på Nesasjøhuset*

Tradisjonen tru vert Ryfylkedagane haldne på Sand 6.-7. juni. Ryfylkemuseet har ope og arrangerer sjørøvertokt for barn om bord i «Brødrene af Sand». Om kvelden vert det konsert med «Revolver». Følgjande er sagt om denne gruppa: To musikarar framfor kvart sitt forsterkar-anlegg og ut kjem kompromisslaus musikk med særpreg og kraft! Daniel Sandén-Warg og Anders Røine vaks begge opp som rockemusikarar. I dag er dei av dei mest anerkjende folkemusikarane i Noreg og i REVOLVER møtes desse to universa.

## Framgang i Ciechanowiec

Ryfylkemuseet deltar i eit EØS-finansiert samarbeidprosjekt med Krzysztof Kluk Museum i Ciechanowiec, Polen. Målet er å komma fram til gode metodar for overvaking og dokumentasjon av bygningane på museet. I slutten av april var det arbeidsmøte i Polen der fire av våre medarbeidarar var med. Som ein del av dette møtet var våre folk med og tilstandsvurderte ein bygning i samarbeid med folk frå museet. Prosjektet blir avslutta i november.

## Nynorsk lettles til Ryfylke

Ryfylkemuseet samarbeider med Ryfylke-biblioteka og Det Norske Samlaget om eit prosjekt i nynorsk lettles. Prosjektet skal starta opp hausten 2015, m.a. med lesekampanjar i samarbeid med skulane i Ryfylkekommunane og kompetanseutvikling innanfor formidling av lettles-litteratur på nynorsk. Prosjektet har ei budsjettframe på 600 000 kr., og Rogaland Fylkeskommune har allereie vedtatt å løyva 170 000 kr. til prosjektet.

## Kvitsøy Hummermuseum på nett



Alle dei vel 700 gjenstandane i Kvitsøy hummermuseum er no katalogiserte av Ryfylkemuseet i samarbeid med Samlingsteam Rogaland og kan studerast på nettstaden Digitalt Museum. Ein finn dei ved å velja Ryfylkemuseet under "museum" og skriva "Kvitsøy" i søkjefeltet. Målet med Digitalt Museum er at musea sine samlingar skal vera lett tilgjengelege for alle interesserte. Slik kan dei brukast til studiar, undervisning og biletsøking. Det er òg mogleg å bestilla kopiar av bilete. Me oppmodar elles om å gi tilbagemeldingar og utfyllande opplysingar til museet om gjenstandar og foto. Pr. no har museet om lag 7500 foto og 5500 gjenstandar ute på Digitalt Museum. I tida framover vil det bli lagt ut stadig meir stoff på denne nettportalen.

**KVA**  
**SKJER?**

**MAI**

**25. mai**  
2. pinsedag  
for prinsar og prinsesser  
på Li

**JUNI**

**6. juni**  
Ryfylke-  
dagane på  
Nesasjøhuset

**14. juni**  
Fjordhest-  
slepp på Li

**20. juni**  
Sesong-  
opning ved  
Ryfylkemuseet